



Saksprotokoll

Organ: Fylkestinget

Møtedato: 23.11.2015

Sak nr.: 15/8067-48

Internt l.nr.: 51189/15

Sak: 46/15

Tittel: Eigarposisjonen i Fjord1 AS

Behandling:

Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Det blir ikkje gjeve tilslutning til fylkesrådmannen si tilråding.
2. Den noverande salsprosessen blir avslutta. Det blir starta ein ny og samordna prosess for nedsal av fylkeskommunen sine aksjar i Fjord1 AS med sikte på endeleg stilling til sal innan utgangen av 2016. I denne prosessen skal det haldast dialogmøte mellom eigarane, og mellom fylkeskommunen og selskapet, og vere samordna med med FU, eigarane og styret og administrativ leiging i Fjord1 AS.
3. Det skal som del av ein ny salsprosess hentast inn ei uavhengig verdivurdering av selskapet.
4. Rammevilkåra som offentlegheitslova og forvaltingslova set, skal klargjerast ved starten av prosessen, med mål om ein open prosess og et best mogleg avgjerdsgrunnlag for Fylkestinget sine medlemmer.

Framlegg om utsetjing:

Sosialistisk Venstreparti sette fram slikt framlegg til vedtak:
«Saka vert utsett til neste ordinære fylkesting.»

Avrøysting:

Framlegget frå Sosialistisk Venstreparti fekk 13 røyster og framlegget fall.

Endringsframlegg:

Høgre fremja tilrådinga frå fylkesrådmannen som framlegg til vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune sel aksjane i F1 Holding AS til Torghatten ASA. Salet inneber eitt trinnsvis sal av aksjane ved at fylkeskommunen først sel 50% av aksjane, medan Torghatten får ein rett (opsjon) til å kjøpe resterande 50 % tidlegast 1. januar 2017. Om Torghatten ASA ikkje nyttar denne opsjonen, har fylkeskommunen høve til å selje resterande 50 % til Torghatten ASA etter 1. januar 2019. Fylkestinget vedtek aksjesalsavtale og aksjonæravtale som regulerer dette, jf. uprenta vedlegg 2 og 3.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å slutføre salet.
3. Salsinntekta, med frådrag av tilhøyrande konsulentutgifter, skal nyttast til gjeldssanering.

Avrøysting:

Tilrådinga frå fylkesutvalet fekk 15 røyster og fall.
Høgre sitt framlegg fekk 16 røyster og vart vedteke.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune sel aksjane i F1 Holding AS til Torghatten ASA. Salet inneber eitt trinnvis sal av aksjane ved at fylkeskommunen først sel 50% av aksjane, medan Torghatten får ein rett (opsjon) til å kjøpe resterande 50 % tidlegast 1. januar 2017. Om Torghatten ASA ikkje nyttar denne opsjonen, har fylkeskommunen høve til å selje resterande 50 % til Torghatten ASA etter 1. januar 2019. Fylkestinget vedtek aksjesalsavtale og aksjonæravtale som regulerer dette, jf. uprenta vedlegg 2 og 3.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å slutføre salet.
3. Salsinntekta, med frådrag av tilhøyrande konsulentutgifter, skal nyttast til gjeldssanering.